



# Hardangerrådet iks



## Referat frå møte i Hardanger kulturråd Kunsthuset Kabuso, Øystese Onsdag 27. januar 2016 kl 12:00 – 15:00.

Tilstades :

Olav Seim, Granvin  
Lage Thune Myrberget, Odda  
Inger Sekse, Ullensvang  
Lisbeth Bygstad Celik, Eidfjord  
Espen Eide, Granvin  
Knut Markhus, Kvam

Frå Hardangerrådet: Trude Rinaldo og Jostein Eitrheim

Forfall:

Sigrid Brattabø Handegard, Jondal

12:00 – 12:30 Presentasjon av Vestlandsutstillinga 2016

12:30 – 13:00 Lunsj

13:00 – 15:00 Sakshandsaming

Før sakshandsaming:

Orientering om Sky Space-prosjektet i Øystese v/ Synnøve Vik  
Presentasjon frå Synnøve Vik ligg vedlagt til referatet.

### Sakliste:

MRK Innkalling m/vedlegg vert sendt i outlook.

1. Saker innmeldt ved starten av møtet – Vert drøfta under siste sak.
  - Eige prosjekt for Hardanger Kulturråd ? Cruise på fjorden ?
2. Gjennomgang av referat frå møtet 7. oktober 2015 i Odda
  - Det var ingen kommentarar til referatet.
3. Val av ny leiar i Hardanger Kulturråd
  - Eidfjord kommune overtar leiarvervet for Hardanger Kulturråd for perioden 2016 – 2017.
4. Felles kulturkalender for Hardangerkommunane.

Dagens situasjon:

Ulvik: Legg ut sine kulturarrangement på kommunen sine nettsider.

Annonser i lokalavis, Nyhende på finse.com

Granvin, Eidfjord:

Legg ut sine arrangement på kommunen si heimeside, Facebook

Destinasjon Eidfjord sender ut info kvar veke.

Ullensvang: Ingen kulturkalendar

Kvam: Legg ut arrangement på kommunen si heimeside. Annonser i lokalavis.  
Facebook.

Odda: Eigen kulturkalender som vert oppdatert av Frivillighetssentralen.  
Legg ut info på nettsider. Facebook, Blogg, Annonser i lokalavis.

Administrasjonen arbeider vidare med saka og avklarer korleis Hardanger Åtgaum har arbeidd med dette så langt og planar vidare.

5. Husværet i Berlin. Drøfting av mogeleg endring vedr. tildelingskriteriar m.m.
  - Lage tok opp ønskje om å endra kriteriane for tildeling av opphold i husværet.
    - Unge talent
    - Produsentar
    - Kortare opphaldstid
- Gjeldande leigekontrakt for husværet må fornyast våren 2016. Før evt. fornying må det gjerast vedtak i Regionrådet om at det er ønskjeleg å forlenga ordninga med kunstnarbustad i Berlin.  
Det vart føreslege å gjennomføra ei intern evaluering av kultursatsinga i Hardanger dei siste 10 åra.

6. Rullerande galleriprosjekt med utstilling av eksisterande kommunal kunst.
  - Lage føreslår eit prosjekt med utstilling som kan flyttast rundt i regionen.  
Fleire kommunar manglar kommunale utstillingslokale. Slike utstillingar kan med fordel plasserast i «levande» bygg.  
Utstillingane vert flytta ein gong i månaden. Dvs. ein ser for seg 7 utstillingar som vert flytta rundt i regionen.  
Kvar kommune finn eit eigna lokale (rom) som kan husa ei slik utstilling.

7. Orienterings- og drøftingssaker.
  - Kulturminnekompotanse i kommunane - Orientering ved Knut Markhus  
Immaterielt perspektiv, bygdestrid, handverkstradisjonar og musikk
  - Nytt Kunstgalleri i Hardanger ? - Orientering ved Lage T Myrberget
  - Det Norske Teateret – Plan om Hardangerturné på lokale scenar  
Hardanger Kulturråd er positive til initiativet frå Det Norske Teateret. Dagleg leiar svarar Det Norske Teateret.

Jostein Eitrheim  
Referent